





TJUEÅRSJUBILEUM: At bandet har runda tjuu år, har gått karane hus forbi. – Kanskje me lyt ha ein fest til, seier framme frå venstre: Ian Helge Alvær, Normann Fosse, Kjell Einar Alver og Arnlfjot Jordal. Bak: Knut Bjørnevoll, Rolf Raknes og Bjarne Skintveit.



TIDLEG STEMNING 1: Ved enkelte bord stod stemninga i taket frå første stund.



VELKOMSTKLEM: Ikkje alle fekk like god velkomstklem som den Borgny Kvamme fekk hjå Weneche Bjørnevoll. Men det var ikkje langt ifrå.

Der våren kjem med jazzzen

LINDÅS: Når Alverflaten jazz-band inviterer til påskejazz i ungdomshuset, ja, då e da vår i Kvamsvågen.



STRENG VAKT: Frode

Hopland vakta både døra og baren som ein hauk, for han har hatt skjenkekontrollen på døra før, fekk me vita.



NY CD: På festen var det «special price» på bandet sin ny CD.

Av Gunn Berit Wiik Berg
gunn.berit@strilen.no



– Det er berre det at påska kom så brått på i år at me måtte invitera til vårjazz i staden for, forklarar Jan Helge Alværer i Alverflaten jazzband.

Men om festen var ein månad forseinka, er borda like fullt pynta med påskegule serviettar og lys.

– Det er viktig å halda på tradisjonane, seier Eyolf Sylta. Han har vore på alle dei sju-åtte påskejazzane og gler seg like mykje kvar gong.

– Det einaste eg ikkje likar er reker, men eg elsker jazz og alt som er av tradisjonar. Seinare i kveld skal eg spela trekkspel, så då må du vera her, reklamerer han.

Stellar godt med fansen

Klokka er kvart over sju og over halvparten av dei åtti påmelde glimrar framleis med sitt fråvær.

– Dei kjem nok til maten klokka åtte, seier Frode Hopland medan han ser skeptisk på fotobagen til Strilen sin utsende.

– Du treng vel ikkje ein så diger bag berre for eit lite kamera, ymtar han og kjem nærmare. Frode har hatt besøk av skjenkekontrollen for og tek ingen sjansar.

– Okei, men du kunne

godt tatt med deg pressekort, seier han strengt etter å ha godkjent innhaldet i bagen.

I baren sel Frode øl og vin til kostpris, og har meir enn nok å gjera. I tillegg sel han den nye plata til jazzbandet, som går til «special price» denne kvelden. Må stella godt med fansen.

Rift om plassane

Frå scena spelar dei sju gamle skulekorpskameratane gjes-tane i stemming med taffeljazz av den glade sorten. I tjuve år har dei halde på, kjem Jan Helge fram til når Strilen spør.

– Me hugsar ikkje så godt lenger, veit du, ler han.

Praten går livleg og salen fyllest stadig opp av bandet sine vener og folk frå lokalmiljøet. Med plass til maks åtti personar har det også i år vore rift om plassane i Vonheim, får me vita.

– Me har aldri vore på desse festane før. Men eg

kjenner på meg at dette kjem til å verta kjempekjekt, seier Gerd Karin Isaksen. Ho kan styra seg for eksperimentell jazz, men synest gladjazz er heilt topp.

– Slik jazz går jo til og med an å dansa etter, seier mannen Atle.

Stemminga støg

Klokka nærmar seg åtte og



BEGEISTRA: Marit Anne Bysveen og Stein-Erik Greve var på ingen måte åleine om å vera begeistra for musikken.



ELSKAR GLADJAZZ: Gladjazz er heil topp, meiner Atle og Gerd Karin Isaksen frå Knarvik.

nokre tek ein tur utomhus for å sikra seg ein røyk for maten. Billettseljarane ser på klokka og lurar på kor dei siste fem på lista vert av.

– Dei har vel rotta seg saman på eit vorspiel ein eller annan plass, tenkjer eg, kjem det frå ein forbipasserande. Men fem minutt og eit ekstra taffeljazznummer seinare, kjem dei sigande og borda fyllest opp. Applausen vil ingen ende ta når bandet

tek pause, og Jan Helge inviterer til kveldsmat med reker, brød og salat.
– De skal få meir seinare, trøystar han. Til Strilen fortel han at dei alltid har mykje allsong på festane. I tillegg skal bandet Argus Trio spela til dans, med Eyolfen på trekkspel. Rekene går unna og stemminga er stigande.
– Nei, det er ingen tvil om at våren er komen til Kvamsvågen.